

Notat

Dato: 14.11.2019
Saksnr: 2019/75-3
Saksbehandlar: Berit Dianne Kilvær

Til: Fylkesutvalet Hordaland

Frå: Fylkesutvalet Vestland

Oversending av spørsmål frå fylkesutvalet Vestland - Deloitte si rolle i samband med pågåande kontroll av Ferde

«From: Knut Inge Andersen
Sent: onsdag 13. november 2019 08:17
To: Jon Askeland <jon.askeland@radoy.kommune.no>
Cc: Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@hfk.no>

Subject: Spørsmål til fylkesordførar - Fylkesutvalet 13.11.2019

Deloitte si rolle i samband med pågåande kontroll av Ferde

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland bestilte den 3. september 2019 ein selskapskontroll av det regionale bomselskapet Ferde. Kontrollen er under gjennomføring av revisjonsselskapet Deloitte, som fylkeskommunane har rammeavtale med. Granskinga vil måtte sjå nærare på selskapet sine innkjøp frå selskap der eigne tilsette står som eigarar og interne rutiner for registrering av slike bindingar. Om Ferde har eit etisk regelverk er ikkje opplyst. Men selskapet sine verdier framgår av årsmeldinga for 2018 : Open, påliteleg, etterretteleg og nyskapande.

Deloitte er engasjert av fylkeskommunane gjennom kontrollutvala for å gjennomføre denne kontrollen. Deloitte er samstundes Ferde sin revisor. Eit sentralt spørsmål er om eventuelle regelverksbrot i samband med innkjøp ikkje burde vore oppdaga av Deloitte då dei gjorde sin revisjon. Slike tilhøve vart som kjent ikkje påpeika.

Finanstilsynet sin seksjonssjef Kjersti Elvestad meiner dobbeltrolla som Deloitte har sett seg i er uheldig. Ein kan også velje å sjå det slik at det er kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland som sjølv set Deloitte i ein uheldig dobbeltrolle når ein vel å bestille granskinga der.

Det må ikkje hefte tvil ved dei undersøkingane som no pågår rundt Ferde. Dette også av omsyn til selskapet og dei tilsette i Ferde. Rapporten frå kontrollen skal handsamast av fylkestinget i Vestland på nyåret.

Utan å gripe inn i kontrollutvala sitt arbeid, **meiner fylkesordføraren det kan vere grunnlag for å etterspørje relevant forvaltningsnivå om ei ny vurdering når det gjeld bruk /ikkje bruk av Deloitte til dette oppdraget?**

Knut Inge Andersen

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar - Vestland

90584170»